



Statens vegvesen

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2

5943 AUSTRHEIM

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
21/62557-3

Dykkar referanse:
21/240

Vår dato:
12.05.2022

Svar – offentlig ettersyn av kommunedelplan for klima og energi 2022–2032, Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 24.03.2022.

Føremålet med planarbeidet er å få ein oppdatert kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem.

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikk sikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss høve til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Statens vegvesen sitt innspel til planforslaget

Vi tykkjer Austrheim kommune har lagt fram ein oversiktleg og tydeleg plan med handlingsprogram. Vi likar grepet med å starte med gjennomførte tiltak frå førre plan. Det er viktig å setje ein fot i bakken og sjå på kva ein har fått til før ein går vidare på nye oppgåver. Handlingsprogrammet er og tydeleg med mange gode og konkrete tiltak.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Det går i liten grad fram kva som er gjort i planarbeidet i høve medverknad med samfunnet i Austrheim, men vi vonar det er jobba godt med forankring av planen både internt i kommuneadministrasjonen, politisk og i det sivile samfunn. Forankring i lokalsamfunnet kan vere avgjerande viktig når ein no går eit steg vidare med tiltak som går på den enkelte person og bedrift sitt forbruk og handlingsmønster, jf. kapittel 7.6 om forbruk og innkjøp. Dette gjeld og forståing for naudsynte, men kanskje upopulære, arealbruksgrep i arealplanlegginga, også knytt til samordna bustad,- areal,- og transportplanlegging. Vi vil her også vise til FN sitt berekraftsmål nr. 17, Samarbeid for å nå måla.

Det er ikkje riksvegar i Austrheim kommune, og vi har difor ikkje ei direkte rolle i høve det å få ned utsleppa i Austrheim kommune. Eit av våre fem toppmål er å bidra til å nå Noregs klima- og miljømål. Vi er ein stor aktør og har gjennom vår verksemd moglegheit til å påverke våre samarbeidspartar i ei miljøvenleg retning. Vi jobbar aktivt med å utvikle verktøy for miljøstyring av vegprosjekt. Gjennom desse kan vi setje krav til at våre leverandørar og dei vi inngår kontraktar med oppfyller bestemte miljømål. Vi dreg soleis i same retning som fylkeskommunane og kommunane i dette arbeidet, jf. også dei tiltaka de har sett opp under kapittel 7.3 i handlingsprogrammet som gjeld transport.

Statens vegvesen har ein [strategi for rasteplassar](#) og ein [nasjonal plan for døgnkvileplassar](#). Begge desse skal utviklast med tanke på å sjå på om dei kan leggjast til rette med moglegheit for lading, både for personbilar og lastebilar. Kva Statens vegvesen gjer på dette feltet vil ha betydning for tilrettelegging for miljøvenleg transport rundt om i kommunane, då ein er avhengig av ladeinfrastrukturen ut over eige nærområde.

I handlingsprogrammet, kapittel 7.2 om planlegging, er eit av tiltaka at klimaarbeidet vert prioritert i kommuneplanar og kommunedelplanar. Vi stiller oss bak dette, og vil streke under viktigheita av samordna bustad,- areal,- og transportplanlegging. Ein meir konsentrert og arealeffektiv bruk av areal vil også kunne føre til lågare utslepp gjennom mindre utslepp frå omdisponering av t.d. myr.

Konklusjon

Vi tykkjer Austrheim kommune har lagt fram eit godt og tydeleg planframlegg. Planen startar med ei fin opplisting av gjennomførte tiltak, og som lovar godt for vidare arbeid.

Det går i liten grad fram kva som er gjort i planarbeidet i høve medverknad med samfunnet i Austrheim. God forankring av planen i lokalsamfunnet i Austrheim vil vere avgjerande viktig for kor god planen vert som verktøy for å få til ønska utsleppsreduksjon.

Vi ønskjer lukke til med det vidare planarbeidet!

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN